

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/9406-3

## Høring av forslag til program for konsekvensutgreiing for Snorre Expansion Project

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å vedta slik fråsegn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål vil bli handtert på ein tilfredsstillande måte. Fylkeskommunen vil difor konsentrere fråsegna om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar.

1. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket, er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med større prosjekt og utbyggingar utanfor fylket.
2. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap som tidlegare har gjort eit grundig arbeid rundt dette i samband med planar for Gjøautbygginga.
3. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. For fylket under eitt syner dette i liten grad att i form av arbeidsplassar på land. Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbasen og nest størst kommune i fylket, er derimot svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar og drifts-støtte til Snorre spelar her ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransevne. At Snorre Expansion Project (SEP) legg til grunn forsynings- og helikopterbase i Florø er positivt.
4. Når det gjeld driftsorganisasjonen ønskjer vi å nyansere biletet i høve framlegg til KU-program. Der står det at driftsorganisasjonen ligg i Stavanger. I St.prp. nr. 56 (1987-88) står det derimot at «...dele aktivitetene i forbindelse med drift og vedlikehold i to driftsenheter, i henholdsvis Stavanger og Florø. Arbeidsdelingen mellom de to driftsenhetene innebærer at Stavanger blir hovedsete for driftsorganisasjonen, mens en utvidet forsyningsbase legges til Florø.» Vedlikehald av innsendt utstyr er blant oppgåvene som vert lagde til Florø. Leiing av - og ingeniørfunksjonar knytt til - vedlikehald vart føresett delt mellom Stavanger og Florø.
5. SEP er eit stort subseaprojekt, og lagring og vedlikehald av subseautstyr kan gje mykje aktivitet. Dette har høg relevans i høve føregåande pkt. 4. På Fjord base og i området elles er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver. Lokalt bachelorstudium i undervassteknologi er med å styrkje denne kompetansebasen. Vi ber om at det blir gjort greie for korleis desse oppgåvene vil bli organiserte.
6. SEP vil innebere hektisk aktivitet i utbyggings- og modifikasjonsperioden. Det er t.d. sannsynleg at to riggar vil bore kontinuerleg i området over fleire år. Dette kan medføre at det i periodar er trong for meir transportkapasitet, t.d. når det gjeld båt og helikopter. Vi ber om at det blir gjort greie for korleis operatøren tenkjer å løyse desse utfordringane.

7. I utbyggingsprosjektet vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskapet, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle, og vi ber om at dette vert synleggjort i KU-en.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Framlegg til KU-program. Lenke til dokument i saka.

## SAKSFRAMSTILLING

### Om Snorre Expansion Project og høyring av konsekvensutgreiingsprogram

Som operatør for Snorre, har Statoil sendt konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) for Snorre Expansion Project (SEP) på høyring. KU-program og oversendingsbrev ligg på:

<https://www.statoil.com/en/how-and-why/impact-assessments/snorre-expansion-project.html>.

Vidare planprosessar er tenkt som følgjer:

| Prosess-steg                                    | Tidsplan         |
|---|------------------|
| Forslag til KU-program på høyring               | 4. kvartal 2016  |
| OED fastset KU-program                          | 1. kvartal 2017  |
| KU på høyring                                   | 3. kvartal 2017  |
| Innsending av plan for utbygging og drift (PUD) | 4. kvartal 2017  |
| Stortingshandsaming og godkjenning              | Vårsesjonen 2018 |

SEP skal auke oljeutvinninga frå Snorrefeltet som omfattar produksjonslisensane PL057 og PL089. Feltet ligg i blokkene 34/4 og 34/7 i Tampen-området i nordre Nordsjøen.

Feltet ligg ca. 140 km vest for Florø og om lag 210 km nord-vest for Bergen. Feltet produserer frå to fullintegrerte plattformer, Snorre A (SNA) og Snorre B (SNB), som begge er utstyrte med prosessanlegg, boreanlegg og bustadkvarter. Feltet starta produksjon frå SNA i 1992.

Fleire løysingar for vidareutvikling av Snorrefeltet har vore vurderte. For styresmaktene (ikkje minst Oljedirektoratet) har det vore viktig å sikre at tilstrekkeleg mange brønner kan borast for å oppnå høg ressursutvinning. Ei plattformløysing syntest lenge aktuell. Denne vart lagt vekk for godt vinteren 2015/2016 grunna for svak prosjektøkonomi.

Løysinga som no ligg til grunn er ei subsealøysing med seks botnrammer med plass til fire brønner i kvar. Signal frå m.a. Oljedirektoratet tilseier at løysinga innfrir forventningar om ressursutnytting. Desse skal knytast opp til Snorre A. Det må gjennomførast eit relativt stort modifikasjonsarbeid på SNA i samband med SEP, i hovudsak for tilknytning av naudsynte rørleidningar for produksjon og injeksjon samt kablar.

Samtidig med utvikling av SEP arbeider Snorrelisensen med forlenging av produksjonsperioden på Snorrefeltet. Produksjonen frå eksisterande innretningar på feltet vil vare til 2040 uavhengig av om SEP blir realisert eller ikkje.

Samla petroleumsressursar som kan utvinnast i SEP er ca. 190 millionar fat olje. Totale investeringskostnader for SEP er anslått til 22-25 milliardar norske kroner (2016). Ut frå kostnadsramma må prosjektet godkjennast av Stortinget (terskelverdi er 20 milliardar kr).

Det er førebels konkludert med at kraftforsyning frå land ikkje vil være teknisk mogleg ut frå plass- og vektomsyn. Kraftforsyninga vil i utgangspunktet skje ved hjelp av eksisterande gassturbinar på Snorre A og eksisterande gassturbinar og damp turbin på Snorre B. Moglegheiter for kraftforsyning frå land vil bli vurdert.

Produsert vatn vil bli sloppe ut til sjø etter reinsing, mens borekaks vil bli transportert til land for reinsing og deponering.

I framlegg til KU-program står det at drift av SEP vil bli ein integrert del av drift av Snorrefeltet og at driftsorganisasjonen for Snorrefeltet ligg i Stavanger. Det står vidare at forsyningsbase for Snorrefeltet og helikopterterminal for personelltransport til feltet ligg i Florø og at SEP inneber inga endring i desse lokaliseringane.

Følgjande framdrift er planlagt for SEP:

|   |                   |
|---|-------------------|
| Modifikasjonar Snorre A                       | Q1 2018 – Q4 2024 |
| Installasjon av brønnrammer og røyrleidningar | Q1 2019 – Q4 2024 |
| Boreoperasjonar                               | Q3 2019 – Q2 2024 |
| Produksjonsstart                              | Q1 2021           |

## Vurdering

Snorrefeltet har sidan starten vore eit svært viktig felt for offshoreaktiviteten i Sogn og Fjordane. Saga Petroleum var opphavleg operatør for feltet og bygde opp delar av driftsorganisasjonen i Florø. Ved årtusenskiftet vart selskapet kjøpt. Etter ein interimperiode med Norsk Hydro som operatør, overtok Statoil operatørskapa for feltet. Denne rolla har dei no hatt i over ti år.

Hausten 2013 vedtok Statoil å leggje om seglingsmønsteret i Nordsjøen. Dei ønskte primært ei løysing der også Snorre skulle forsynast frå Mongstad, og ikkje frå Florø. Lokalt vart det utarbeidd ein rapport som synte at dette ville få svært negative konsekvensar for petroleumsmiljøet i Florø. Dels ville dette medføre tap av mange arbeidsplassar. Eit anna, og vel så negativt moment, var at attverande volum og funksjonsbreidde kunne bli så lite at det ikkje ville være grunnlag for å tilby konkurransedyktige løysingar til dei andre operatørselskapa med aktivitet på Fjord base (Engie og Shell).

Løysinga som vart vedteken, og som no er realisert, var noko meir moderat, då forsyningar til Snorre og Visund framleis går frå Fjord base. Perspektivet er no som då at leveransar av varer og tenester til Snorre langt på veg er eit vere eller ikkje vere for forsyningsbasen i Florø og miljøet knytt til denne.

## Konklusjon

Snorre er eit svært viktig felt for petroleumsvirksomheita i Flora og fylket. Å sikre og byggje vidare på SEP representerer stor aktivitet. Det ligg ikkje mange store prosjekt i løypa framover. Å sikre og vedlikehalde den strukturen som er, og å få godt inngrep i SEP, vert dermed viktig for vår leverandørindustri innan denne sektoren.

Eit KU-program er normalt ganske detaljert når det gjeld ymse miljøspørsmål. Dette er tilfelle også her. Derimot er dei forhold som gjeld andre samfunnsmessige effektar, og då ikkje minst på lokalt og regionalt nivå, mindre utførleg omtala. Det blir difor tilrådd å konsentrere fråsegna rundt dette.

Fråsegn til KU-program vert handsama av petroleumsrådet 30. januar. Det vil bli referert frå dette møte i FU 1.02.17.